

Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Fellesnemnd	

Sakshandsamar:	Lindås kommune	Ørjan Raknes Forthun
	Arkivnr.: 17/1868	Klassering:

Reglement fellesnemnd, PSU og andre politiske utval under fellesnemnda – Oppdatering med valnemnd

Framlegg til vedtak

Forslag til reglement for valnemnda vert teke inn som kapittel 1.16 i «Reglement fellesnemnd, PSU og andre politiske utval under fellesnemnda». Eksisterande kapittel 1.16 vert nytt kapittel 1.17.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Fellesnemnda vedtok «Reglement fellesnemnd, PSU og andre politiske utval under fellesnemnda» i sak 22/17. Her er det ikkje eigne føringar for valnemnda. Det vert i tilfelle dekkja av kapittel 1.16 Andre utval: «Reglement for gjennomføring av fellesnemnd gjeld for partssamansett og eventuelt andre politiske utval så langt dei høver.»

Saksutgreiing

Følgjande vert føreslått som nytt kapittel 1.16 i «Reglement fellesnemnd, PSU og andre politiske utval under fellesnemnda»:

1.16. Valnemnda

Valnemnda skal koma med framlegg til medlemmar i ulike komitear som vert oppretta i samband med å etablera ein ny kommune Valnemnda skal, så langt det er relevant, følgja retningslinene til fellesnemnda.

Spesielt for valnemnda gjeld:

- Valnemnda er fellesnemnda si nemnd.
- Nemnda er samansett av tre medlemmar frå fellesnemnda – ein frå kvar kommune. Valnemnda konstituerer seg sjølve.
- Programleiinga deltek på møta etter førespurnad frå leiaren.
- Ein sekretær frå programkontoret skal vera til stade i møtet og føra møteprotokoll.
- Andre saker etter tilvising frå leiar av fellesnemnda.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost